



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

Prop. 76 L

(2011–2012)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Lov om bustøtte (bustøttelova)

*Tilråding frå Kommunal- og regionaldepartementet 30. mars 2012,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Proposisjonen inneheld framlegg til lov om bustøtte. Kommunal- og regionaldepartementet følgjer med det opp St.prp. nr. 11 (2008–2009) *Ei styrkt bustøtte*, der regjeringa lova å kome tilbake til Stortinget med framlegg om endringar i den rettslege forankringa av bustøtta.

Reglane om bustøtte er i dag spreidde på lov 29. mai 2009 nr. 30 om Husbanken, retningsliner vedtekne av Stortinget 17. mars 2009 og ulike forskrifter. Føremålet med lovframlegget er å få eit regelverk som er oversiktleg og brukarvenleg. Departementet gjer difor framlegg om å samle dei føresegnene i husbanklova som gjeld bustøtte, og dei retningslinene Stortinget har gjeve om bustøtte, og skipe ei eiga lov om bustøtte. Lova skal gje dei overordna prinsippa for bustøtte, medan dei meir detaljerte reglane blir samla i ei forskrift.

Framlegget er hovudsakleg ei lovfesting av gjeldande rett, og endringane er av meir teknisk karakter. Dei hovudprinsippa for bustøtte som Stortinget vedtok 17. mars 2009, er uendra. Det blir i tillegg gjort framlegg om materielle endringar i enkelte av dei administrative føresegnene. Det er hovudsakleg endringar som vil sikre omsynet til rettstryggleiken og personvernet til dei som søker om bustøtte.

I *kapittel 2* i proposisjonen omtaler departementet høyringa og dei generelle merknadene til framlegget.

I *kapittel 3* blir det gjeve ein generell omtale av bustøtteordninga.

I *kapittel 4* går departementet gjennom gjeldande regulering av bustøtta og gjer framlegg om å regulere bustøtta i ei eiga lov om bustøtte.

Lov om bustøtte gjev søkjaren ein rett til bustøtte dersom han eller ho fyller vilkåra i lova eller ei forskrift gjeve med heimel i lova. *Kapittel 5* gjev ein nærare gjennomgang av dei enkelte føresegnene i den nye lova. Paragrafane 1 til 7 er ei lovfesting av hovudprinsippa i gjeldande retningsliner, vedtekne av Stortinget 17. mars 2009. Det gjeld føremålet, verkeområdet, vilkåra for rett til bustøtte med visse unntak, krava til bustaden og utrekninga, finansieringa og administreringa av bustøtte.

I punkt 5.7 gjer departementet framlegg om å lovfeste heimelen for Husbanken til å påleggje offentlege styresmakter o.a. å gje opplysningar som har verknad for rettar eller plikter som følgjer av lova.

Vidare gjer departementet framlegg i punkt 5.8 om å lovfeste at Husbanken og kommunane ikkje skal hente inn og handsame personopplysningar om søkjaren og dei andre i husstanden utan samtykke frå den det gjeld. Det gjeld ikkje dersom det er uhøveleg vanskeleg å få samtykke, og det er klart at den som opplysningane gjeld ville ønskt ei slik handsaming.

Departementet tilrår i punkt 5.9 òg å vidareføre ein heimel for departementet til å kunne gje

andre offentlege styresmakter opplysningar frå bustøtteregisteret.

I punkt 5.10 tilrår departementet å vidareføre den eksklusive retten kommunane har til å kunne overta krav som mottakarar har på bustøtte (frivillig transport). Departementet gjer framlegg om å oppheve heimelen om tvungen transport, det vil seie at kommunen ikkje lenger skal kunne tre inn i retten til bustøtte når mottakaren ikkje samtykkjer til det.

I punkt 5.11 gjer departementet framlegg om å vidareføre gjeldande rett som gjev Husbanken rett til å krevje for mykje utbetalt bustøtte tilbake i visse høve. For å sikre at bustøtta berre blir gjevne til dei som har krav på støtte, gjer departementet framlegg om systematisk etterkontroll av den inntekta og den formuen som blei lagde til grunn då bustøtta til søkjaren blei utrekna.

Då talet på tilbakekrav vil auke som følge av etterkontroll, tilrår departementet i punkt 5.12 at Statens innkrevjingssentral skal få oppgåva med å drive inn krav på tilbakebetaling av bustøtte. Det gjeld både utanrettsleg innkrevjing og tvangsinnkrevjing.

I punkt 5.13 gjer departementet framlegg om å avvike ordninga med at Husbanken sjølv avgjer klager på vedtak om bustøtte. Det blir tilrådd å gje departementet fullmakt til å fastsetje forskrift om særskild klagenemnd for enkeltvedtak etter lov om bustøtte.

I *kapittel 6* blir dei økonomiske og administrative konsekvensane omtalt.

Kapittel 7 inneheld merknader til dei enkelte paragrafane i lova.

2 Høyringa

Den 6. juni 2011 sende departementet framlegget til lov om bustøtte på høyring. Fristen for å kome med merknader blei sett til 1. september 2011. Desse instansane fekk framlegget til høyring:

Arbeidsdepartementet
Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet
Finansdepartementet
Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet
Helse- og omsorgsdepartementet
Justis- og beredskapsdepartementet
Kunnskapsdepartementet

Arbeids- og velferdsdirektoratet
Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet
Datatilsynet

Forbrukarrådet
Husbanken
Husleigetvistutvalet
Klagenemnda til Husbanken
Nav
Regjeringsadvokaten
Riksrevisjonen
Statens innkrevjingssentral
Statens lånekasse for utdanning
Statens Seniorråd
Stortingets ombodsmann for forvaltninga

Alstadhaug kommune
Arendal kommune
Asker kommune
Bergen kommune
Bærum kommune
Drammen kommune
Eidsberg kommune
Eidsvoll kommune
Elverum kommune
Frogn kommune
Førde kommune
Kristiansund kommune
Lørenskog kommune
Malvik kommune
Målselv kommune
Nesodden kommune
Oppegård kommune
Oslo kommune
Sandnes kommune
Skedsmo kommune
Sola kommune
Stavanger kommune
Steinkjer kommune
Sykkylven kommune
Tromsø kommune
Trondheim kommune
Vennesla kommune
Øyer kommune

KS
Kommunale Boligadministrasjoners Landsråd
Den Norske Advokatforening
Ensliges landsforbund
Fattighuset
Finansnæringens Fellesorganisasjon
Funksjonshemmedes fellesforbund
Huseiernes landsforbund
Juss-Buss
Kirkens bymisjon
Leieboerforeningen
Norske Boligbyggelags Landsforbund (NBBL)
Norges Huseierforbund
Pensjonistforbundet

Sparebankforeningen
Unge funksjonshemmede

Følgjande instansar har uttalt at dei ikkje har realitetsmerknader:

Arbeidsdepartementet
Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet
Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet
Finansnærings Fellesorganissjon
Norske Boligbyggelags Landsforbund (NBBL)

Følgjande instansar har realitetsmerknader:

Kunnskapsdepartementet
Justis- og beredskapsdepartementet
Datatilsynet
Husbanken
Husleigetvistutvalet
Nav
Statens innkrevjingssentral
Bergen kommune
Bærum kommune
Drammen kommune
Trondheim kommune
Unge funksjonshemmede
Norges Huseierforbund
Statens Seniorråd

I tillegg har departementet fått inn merknader frå:
Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDI)
Klepp kommune
Skaun kommune

Høyringsframlegget har i det vesentlege blitt godt motteke av dei høyringsinstansane som har uttalt seg. Framlegget om å samle regelverket i ei eiga lov og ei forskrift blir sett på som positivt. Det blir peika på at ein gjer regelverket meir brukarvenleg og tilgjengeleg på det viset. Framlegget om å skipe ei uavhengig klagenemnd for bustøttesaker er òg godt motteke. Det blir sett på som ei klar forbetring og ei styrking av rettstryggleiken til dei som søkjer om bustøtte.

Merknadene til dei konkrete problemstillingane er omtalte under dei respektive kapitla i proposisjonen.

Det er òg kome innspel til vidareutvikling av bustøtteordninga. Desse innspela påverkar ikkje utforminga av lova og blir difor ikkje omtalt i denne proposisjonen. Mange av innspela vil ha innverknad på budsjettet og må greiast ut nærare før dei eventuelt kan leggjast fram for Stortinget på eigna vis.

3 Om bustøtteordninga

Den statlege bustøtta er ei økonomisk stønadsordning med det føremålet å sikre dei med låge inntekter og høge buutgifter ein høveleg bustad. Bustøtta skal medverke til at mottakarane kan halde på den bustaden dei har, eller etablere seg i ein ny bustad. Ho skal òg støtte dei som vil skaffe seg ein bustad dei sjøve eig.

Bustøtta er det viktigaste bustadsosiale verket middelet. I 2009 blei bustøtta vesentleg utvida og forenkla med bakgrunn i St.prp. nr. 11 (2008–2009) *Ei styrkt bustøtte*, Innst. S. nr. 160 (2008–2009) og stortingsvedtak nr. 260 av 17. mars 2009. Ordninga blei styrkt både gjennom auka ytingar til eksisterande mottakarar og ved at ho blei utvida til nye grupper. Ho er eit sentralt verkemiddel i arbeidet til regjeringa med å motverke fattigdom og redusere talet på bustadlause.

Bustøtte er ei yting ein søkjar har krav på dersom han og dei andre i husstanden fyller vilkåra i og i medhald av lova. Alle som er registrerte i folkeregisteret og lovleg busette i Noreg, har rett til bustøtte. Bustøtta blir fastsett og løyvd på grunnlag av opplysningar om søkjaren og dei andre som bur i husstanden. Med visse unntak kan alle over 18 år få bustøtte. Søkjaren må vere ansvarleg for buutgiftene til husstanden og sjølv bu i bustaden. Bustaden må vere godkjend som bustad. Det skal vere ein sjølvstendig bustad med eigen inngang og eige bad og toalett, og det skal vere høve til å kvile og lage mat i bustaden. Er krava til personen og bustaden oppfylte, er det forholdet mellom buutgiftene og inntektene som avgjer om det blir løyvd bustøtte, og kor mykje støtte som blir ytt.

Det er Husbanken og kommunane som forvaltar ordninga. Kommunane er førstelina i sakshandsaminga og har kontakt med den enkelte søkjaren. Handsaminga av bustøttesaker skjer maskinelt. Det er Husbanken som gjer enkeltvedtak om bustøtte. Klager på vedtak om bustøtte blir avgjorde ved at Husbanken handsamar saka på nytt.

Midlar til bustøtte blir kvart år løyvde over statsbudsjettet. For 2012 er det løyvd 3 250 mill. kroner til ordninga. Det er lagt til grunn for budsjettet at i gjennomsnitt 128 000 husstandar kjem til å få bustøtte kvar månad, og at kvar husstand i gjennomsnitt vil få utbetalt 25 200 kroner i bustøtte i 2012.

4 Rettsleg regulering av bustøtte

4.1 Gjeldande rett

Føresegnene om bustøtte er i dag spreidde på lov 29. mai 2009 nr. 30 om Husbanken, retningsliner vedtekne av Stortinget 17. mars 2009 og ulike forskrifter.

Husbanklova gjev det rettslege grunnlaget for bustøtta. Oppgåvene til Husbanken er fastsette i husbanklova § 1, der det mellom anna går fram at Husbanken skal forvalte bustøtte og låne- og tilskotsordningar og medverke til å utvikle og formidle kunnskap om mål, metodar og resultat innfor sitt område.

Vidare fastset § 10 at Stortinget kan fastsetje retningsliner for bustøtta ved vedtak i plenum. Paragrafen inneheld i tillegg reglar om finansiering og organisering av ordninga og dessutan ein heimel for å gje forskrifter om å påleggje huseigarar og andre å medverke ved handsaming og kontroll av søknader og utbetaling av bustøtte. Paragraf 11 gjev kommunane rett til å avtale transport i bustøtte. Til sist gjev § 12 heimel for departementet til å fastsetje ei forskrift om at personopplysningar i bustøtteregisteret kan bli nytta av andre offentlege styresmakter.

Med heimel i husbanklova § 10 har Stortinget gjeve retningsliner om bustøtte, no sist 17. mars 2009. Retningslinene gjev føremålet med ordninga, vilkåra for tildeling og dei overordna prinsippa for utrekning av bustøtte, finansiering og administrering av bustøtta. Desse retningslinene er i dag tekne inn i den gjeldande forskrifta om bustøtte.

Vidare er det med heimel i husbanklova og vedtaket i Stortinget 17. mars 2009 fastsett ei forskrift 19. juni 2009 nr. 699 om bustøtte. I tillegg til dei overordna føresegnene i retningslinene frå Stortinget finn ein her òg føresegner om satsar, utrekning og fastsetjing av inntekt og dessutan reglar for sakshandsaming, utbetaling o.a.

Stortinget går igjennom bustøtteordninga ved handsaminga av det årlege statsbudsjettet, og løyver midlar. Her blir eventuelle endringar i vilkåra for tildeling vedtekne. Dei blir etterpå følgde opp med endringar i forskrifta om bustøtte.

I tillegg til denne forskrifta finst det tre andre forskrifter som inneheld særskilde reglar for bustøtta:

Forskrift 22. februar 1974 nr. 3822 om unntak fra klagerregler i forvaltningsloven i saker om bustøtte gjev Husbanken fullmakt til å overprøve klager på vedtak om bustøtte.

Forskrift 15. august 1985 nr. 1681 om adgang til opplysninger fra bostøtteregistre og bostøttesøknader gjev Husbanken og kommunane høve til å gje opplysningar frå bustøtteregisteret til andre offentlege styremakter.

Forskrift 23. juli 1976 nr. 3829 om husbanklovens anvendelse på Svalbard fastset at reglane for bustøtte ikkje skal gjelde på Svalbard.

4.2 Høyringsframlegget frå departementet

Departementet gjorde i høyringsutkastet framlegg om å samle regelverket og skipe ei eiga lov om bustøtte. Lova skal innehalde dei føresegnene om bustøtte som i dag står i husbanklova. Samtidig blir det føreslått at ordninga med at Stortinget gjev retningsliner ved vedtak i plenum, blir avvikla, og at retningslinene i staden blir tekne inn i lova. Dei ulike forskriftene blir slått saman til ei forskrift.

4.3 Merknader frå høyringsinstansane

Framlegget om å samle regelverket i ei eiga lov om bustøtte har blitt godt motteke av dei høyringsinstansane som har uttalt seg om det. *Bærum kommune* og *Integrerings- og mangfaldsdirektoratet* peikar mellom anna på at det kjem til å gjere regelverket meir brukarvenleg og tilgjengeleg. *Bergen kommune* meiner forenklinga og systemiseringa blir ein føremon både for kommunane, som framleis har ansvaret for sakshandsaminga av ordninga, dei aktuelle husstandane og Husbanken.

4.4 Vurderingane til departementet

Departementet gjer framlegg om å samle og forenkle regelverket i tråd med høyringsframlegget. Det vil gjere regelverket meir brukarvenleg og tilgjengeleg for publikum og rettsbrukarar.

Departementet meiner det er behov for å skipe ei eiga lov om bustøtte. Husbanklova gjeld i hovudsak styringa og reguleringa av Husbanken, og regulering av bustøtta har ikkje nokon naturleg plass her. Ei deling kjem til å gje ein meir systematisk oppbygning av begge lovene. Ei eiga lov om bustøtte gjer dessutan bustøtta meir synleg og framhevar ordninga som eit viktig bustadsosialt verkemiddel.

Det er ikkje vanleg i dag at Stortinget regulerer stønadsordningar ved vedtak i plenum. Som regel blir det gjort ved at Stortinget vedtek lover og så overlèt til regjeringa å fastsetje nærare retningsliner. Sjølv om ein ikkje treng heimel i lov for

å fastsetje reglar som berre skal gje brukarane materielle gode, og ikkje påleggje dei plikter, meiner departementet at ein del av regelverket har eit innhald som tilseier at Stortinget skal vedta desse føresegnene. Det gjeld hovudprinsippa for ordninga, som skal liggje fast over fleire år. Departementet tilrår at føresegnene om føremål, verkeområde, kven som kan få bustøtte, krava til bustaden og utrekninga, administreringa og finansieringa av bustøtta blir regulerte i lova.

Departementet gjer framlegg om at dei meir detaljerte føresegnene, der det kan ventast hyppigare endringar, blir fastsette i forskrift. Det vil gje regjeringa større handlefridom og fleksibilitet når det gjeld å utvikle bustøtta. Endringar i forskrifta som treng løyvingar over statsbudsjettet, kjem i alle høve til å bli lagde fram for Stortinget i budsjettprosessen før dei blir endeleg fastsette. Det gjeld til dømes endringar i satsar for buutgifter og inntekter.

5 Nærare om dei enkelte framlegga i lov om bustøtte

Paragrafane 1–7 i framlegget til lov gjeld føremål, verkeområde, vilkåra for å ha rett til bustøtte med visse unntak, krava til bustaden og utrekninga, finansieringa og administreringa av bustøtta. Desse føresegnene er i dag gjeldande rett, fastsett av Stortinget i vedtak nr. 260 av 17. mars 2009 og tekne inn i forskrift 19. juni 2009 nr. 699 om bustøtte. I samsvar med grunngevinga i kapittel 4 tilrår departementet å vidareføre og lovfeste desse føresegnene. Departementet gjev difor berre ein kort omtale av paragrafane her og viser elles til St.prp. nr. 11 (2008–2009) *Ei styrkt bustøtte*. Det har kome nokre merknader til § 4 og § 5. Dei blir vurderte i punkt 5.3 og 5.4.

I § 8 til § 13 er det gjort framlegg om materielle endringar i gjeldande administrative føresegnene.

5.1 Føremål

Føremålet med bustøtta er å sikre dei med låge inntekter og høge buutgifter ein høveleg bustad. Som eit viktig ledd i arbeidet mot fattigdom skal ordninga medverke til at flest mogleg skal kunne klare seg sjølve i sin eigen bustad. Det kan anten vere ved å kunne bli buande i den bustaden dei allereie har, eller ved å skaffe seg ein ny bustad. Ordninga skal òg støtte dei som vil etablere seg i

ein bustad dei sjølve eig. Bustøtta skal sikre at òg dei med svak økonomi skal kunne ha ein god bustandard. Krava til bustaden i § 5 i lovframlegget byggjer opp under det.

Ingen av høyringsinstansane har hatt merknader til framlegget. Departementet viser til § 1 i lovframlegget.

5.2 Verkeområde

Bustøtta skal gjelde for personar som er registrerte i folkeregisteret og som bur lovleg i Noreg.

Lova skal ikkje gjelde på Svalbard. Det er i tråd med den politikken regjeringa legg opp til i Svalbardmeldinga, St.meld. nr. 22 (2008–2009). Svalbard-samfunnet er organisert slik at Longyearbyen og dei andre lokalsamfunna ikkje skal vere livsløpssamfunn. Ved opphald på Svalbard beheld norske statsborgarar den adressa dei har på fastlandet, og dei må vende seg til heimkommunane sine og gjere bruk av tenestetilbodet der.

I medhald av lov 17. juli 1925 nr. 11 om Svalbard § 2 skal ikkje offentlegrettslege lover gjelde på Svalbard, utan når det er fastsett særskilt. Det inneber at det ikkje er naudsynt å ta inn i lova om bustøtte at ho ikkje skal gjelde på Svalbard.

Ingen av høyringsinstansane har hatt merknader til framlegget. Departementet viser til § 2 i lovframlegget.

5.3 Vilkår for rett til bustøtte

5.3.1 Gjeldande rett

Alle som er over 18 år, har rett til bustøtte, om dei elles fyller vilkåra i lova. Søkjarar som er under 18 år og har eigne barn som bur i husstanden, har òg rett til bustøtte. Dei som gjer førstegongsteneste i Forsvaret eller sivilteneste, og studentar som ikkje har eigne barn i husstanden, har ikkje rett til bustøtte. Dei får støtte til bustad gjennom eigne ordningar. Heller ikkje søkjarar som bur saman med personar som høyrer til desse gruppene, har rett til bustøtte, med unntak av foreldre som bur saman med barn som er studentar.

Det er vidare eit krav om at søkjaren sjølv skal bu i bustaden, og at han eller ho skal vere ansvarleg for buutgiftene i bustaden.

5.3.2 Høyringsframlegget frå departementet

Departementet gjorde framlegg om å vidareføre gjeldande rett.

5.3.3 Merknader frå høyringsinstansane

Kunnskapsdepartementet meiner at det ut frå føremålet med bustøtta er urimeleg at dei som bur saman med studentar, ikkje skal få bustøtte. Det finst ingen tillegg som studentar kan få gjennom Lånekassen, til forsørging av personar som studenten bur saman med, bortsett frå barn av studenten.

5.3.4 Vurderingane til departementet

Det kan verke urimeleg at det berre kan gjevast bustøtte til husstandar der studenten bur saman med foreldra sine, eller der studenten bur saman med eigne barn, og ikkje til husstandar der studenten bur saman med til dømes ektefelle, samuar osv. Likevel har verken departementet eller Husbanken registrert klager på gjeldande regelverk. Ei utviding av ordninga til å gjelde alle som bur saman med studentar, vil gje ein vesentleg årleg vekst i utbetalingane av bustøtte. Ei slik utviding er difor ei budsjettsak, og må vurderast i samanheng med framlegginga av dei årlege budsjetta.

Departementet gjer framlegg om å vidareføre høyringsframlegget og viser til § 3 og § 4 i lova.

5.4 Krav til bustaden

5.4.1 Gjeldande rett

Bustaden det blir gjeve bustøtte for, skal vere godkjend som bustad av plan- og bygningsstyresmaktene. Det skal vere ein sjølvstendig bustad med eigen inngang og eige bad og toalett. Det er òg krav om at han skal gje høve til kvile og matlaging, men det er ikkje krav om eigne rom til dette.

Det er gjort unntak frå desse krava for utleigebustader der ein kommune har gjort vedtak om tildeling av bustader til helse- og sosialføremål. Det er ein føresetnad at desse utleigebustadene skal vere organiserte som bufellesskap eller liknande.

5.4.2 Høyringsframlegget frå departementet

Departementet gjorde framlegg om å vidareføre gjeldande rett.

5.4.3 Merknader frå høyringsinstansane

Husbanken meiner at paragrafen bør avgrensast for bustader i institusjonar der brukar yter vederlag.

Nav meiner at høvet til å fråvike bustadkrava for utleigebustader der kommunen har tildelingsrett, bryt med lov om sosiale tenester i Nav. I lova er det presisert at tenester og ytingar må liggje på eit forsvarleg nivå i høve til dei behova som skal dekkjast. Eit av føremåla er å medverke til at den enkelte får høve til å leve og bu sjølvstendig, for å fremje overgangen til arbeid, sosial inkludering og aktiv deltaking i samfunnet. Bebuarane skal ha høve til matlaging, og det må vere tilgjenge til bad og toalett o.a. Nav gjer framlegg om at det blir utarbeidd eigne, generelle kvalitetskrav for slike butilbod, og at dei blir lagde inn i forskrifta om bustøtte. *Helse- og omsorgsdepartementet* meiner at det kunne vore stilt krav til andre aspekt ved bustaden, som inneklimate, støy og brannførebygging, og likeins til bumiljøet, som til dømes lokaliseringa, nabolagsprofilen o.a.

Trondheim kommune meiner det er uheldig at dei som bur på private hyblar og i private bufellesskap, ikkje kan få bustøtte.

5.4.4 Vurderingane til departementet

Departementet tilrår å vidareføre gjeldande rett. Departementet ser det som viktig å sikre dei som har låge inntekter, ein høveleg bustad. Bustøtta skal medverke til at mottakarane får ein betre bustandard enn det som elles ville vore tilfellet. Lova fastset difor at bustaden skal vere godkjend som bustad. Han må vere ein sjølvstendig bustad med eigen inngang og eige bad og toalett. Han må òg gje høve til kvile og matlaging, men det er ikkje krav om at det skal vere eigne rom til dette. Det gjer at dei som bur i eittroms bustader utan eige kjøkken og/eller soverom, er inkluderte i ordninga. Det er mange slike bustader i Noreg og mange med svak økonomi som bur slik. Krava inneber at dei som bur i ein fritidsbustad eller på hybel, ikkje kan få bustøtte.

Å stille krav utover funksjonskrava i § 5 i lovframlegget, til dømes krav som gjeld helse, bumiljø, lokalisering o.a., som *Helse- og omsorgsdepartementet* gjer framlegg om, ligg ikkje innanfor føremålet med bustøttelova. Slike krav kunne dessutan ekskludere nokon av dei som treng bustøtte, og såleis gjere bustøtta mindre eigna i arbeidet mot fattigdom.

Det kan gjerast unntak frå bustadkrava for sosiale utleigebustader som er organiserte som bufellesskap, så lenge kommunen har tildelingsrett for bueiningane og det ikkje blir ytt vederlag. Ikkje alle slike bustader fyller alle krava som blir stilt til ein bustad. Personar med behov for særlege oppfølgingstenester frå kommunen kan bu i

slike bustader. Det ville verke urimeleg om desse bebuarane ikkje skal ha rett til bustøtte. Unntaket gjeld òg for butilbod som er drivne av private, så lenge kommunen har tildelingsrett og det ikkje blir ytt vederlag til bebuarane.

Departementet er samd med Husbanken i at det kan gjerast tydelegare at bebuarar i institusjonar der brukar yter vederlag ikkje kan få bustøtte, og at dette blir teke inn i lova.

Departementet viser til § 5 i lovframlegget.

5.5 Utrekning av bustøtte

Paragraf 6 gjev dei overordna prinsippa for utrekning av bustøtte. Bustøtte er ei behovsprøvd ordning. Forholdet mellom buutgiftene og inntektene til dei som bur i husstandane avgjer for kor mykje bustøtte dei får. Den bustøtta som skal betalast ut, blir utrekna etter ein fast prosent av differansen mellom godkjende buutgifter og ein eigendel. Eigendelen blir fastsett ut frå inntekta og formuen til dei som bur i husstanden.

Føresegna gjev elles heimel for departementet til å fastsetje forskrifter om satsar og utrekning av bustøtte. Dei detaljerte reglane for dette er gjevne i forskrifta om bustøtte.

Ingen av høyringsinstansane har hatt merknader til framlegget. Departementet viser til § 6 i lovframlegget.

5.6 Finansiering og organisering

Paragraf 7 fastset at staten dekkjer utgiftene til bustøtta. Husbanken og kommunane administrerer ordninga. Kommunane dekkjer sine egne utgifter til administrasjon. Kommunane er første-line overfor brukarane og står for det meste av sakshandsaminga.

Det er vidare føreslått ein heimel for departementet til å gje forskrifter om administrering, handsaming og utbetaling av bustøtte. Departementet viser her til kapittel 3 og 4 i gjeldande forskrift.

Ingen av høyringsinstansane har hatt merknader til framlegget. Departementet viser til § 7 i lovframlegget.

5.7 Plikt for andre til å gje personopplysningar

I medhald av husbanklova § 10 kan departementet gje forskrifter om at huseigarar skal medverke ved sakshandsaming, kontroll og utbetaling av bustøtte. Forskrift om bustøtte § 23 fastset at utlei-

garar, forretningsførarar i burettslag og styreleiarar i sameige skal medverke til dette.

Pålegg til private må ha heimel i lov. Departementet gjer difor framlegg om ein heimel i bustøttelova som gjer det mogleg for Husbanken å påleggje private og andre å gje opplysningar som er naudsynte når ein søknad om bustøtte skal avgjerast. I tillegg til opplysningar frå utleigarar, burettslag og eigarseksjonssameige trengst det òg opplysningar frå offentlege styresmakter og långjevarar. Det er Husbanken som kan gje pålegg om dette, medan både Husbanken og kommunane kan bruke opplysningane i sakshandsaminga.

Plikta skal gjelde berre for opplysningar som er avgjerande for å kunne handsame søknader og gjere vedtak i medhald av lova eller ei forskrift gjeven i medhald av lova. Departementet tilrår at opplysningane skal kunne gjevast utan hinder av ei eventuell teieplikt. Sidan samtykke òg opphevar teieplikta, får lovføresegna om det verknad berre dersom det manglar samtykke.

Ingen av høyringsinstansane har hatt merknader til framlegget.

Departementet viser til § 8 første leddet i lovframlegget.

5.8 Innhenting og handsaming av personopplysningar

5.8.1 Gjeldande rett og praksis

Samtykke er grunnprinsippet for utlevering og handsaming av personopplysningar i medhald av personopplysningslova § 8. I tillegg kan handsaming skje dersom det er heimel i lov. Sidan det i dag ikkje er lovheimel for å hente inn og handsame personopplysningar for utrekning og tildeling av bustøtte, er handsaminga basert på samtykke frå både søkjaren og dei andre medlemmene av husstanden. Samtykket blir gjeve i søknaden. Søknadsskjemaet gjer greie for kva for instansar opplysningane blir henta frå, og kva dei gjeld. Samtykke til innhenting og handsaming av opplysningar frå barn under 18 år er det føresette som gjev.

Dersom det manglar samtykke eller heimel i lov, opnar personopplysningslova § 8 punkt a–e for at ein likevel kan handsame opplysningar når visse vilkår er til stades. Kommunane må då vurdere i kvar enkelt sak om vilkåra er oppfylte. Personar som det etter slike vurderingar blir innhenta opplysningar om, skal få skriftleg varsel om det etterpå.

I personopplysningslova § 9 er det sett strengare krav når det gjeld sensitive opplysningar, som gjeld så framti det ikkje er gjeve samtykke eller det er heimel i lov.

Opplysningane som Husbanken og kommunane hentar inn om søkjaren og dei andre i husstanden, blir samla i eit register, eit såkalla bustøtteregister, som er eit kombinert arkiv og system for sakshandsaming. Så lenge ein person får bustøtte, må han eller ho stå i registeret. Årsaka er at bustøtta blir utrekna kvar månad og det blir gjort enkeltvedtak i medhald av forvaltningslova. Husbanken har dessutan plikt til å arkivere etter arkivlova § 6. Det inneber at Husbanken ikkje kan slette opplysningane i bustøtteregisteret sidan journalen og arkivet ligg i dette registeret.

5.8.2 Høyringsframlegget frå departementet

Departementet gjorde framlegg om å lovfeste gjeldande praksis om at Husbanken og kommunane som hovudregel ikkje skal hente inn og nytte opplysningar om søkjaren eller dei andre medlemmene i husstanden utan samtykke frå dei det gjeld. Søkjaren gjev alltid samtykke til dette i søknaden. For at alle som har krav på det, skal kunne få bustøtte, og for at ein skal kunne handsame søknadene på ein så enkel måte som råd, blei det gjort framlegg om ein unntaksheimel som gjev Husbanken og kommunane høve til å handsame personopplysningar sjølv om det manglar samtykke frå nokon i husstanden.

5.8.3 Merknader frå høyringsinstansane

Unge funksjonshemmede, Drammen kommune, Bergen kommune, Statens Seniorråd og Husbanken støttar framlegget om at det skal vere mogleg å handsame opplysningar sjølv om samtykke manglar. *Bergen kommune* meiner at sjølv om omsynet til personvernet kan tale mot dette, støttar kommunen framlegget med bakgrunn i føremålet med ordninga.

Datatilsynet meiner det er positivt at samtykke frå dei registrerte framleis skal vere hovudregelen. Dette skal gjelde alle som bur i bustaden. *Datatilsynet* ser at det i enkelte høve kan vere behov for å handsame opplysningar om personar som ikkje har gjeve samtykke. *Tilsynet* er likevel kritisk til at ordlyden i framlegget ikkje fastset nærare kva for føresetnader som må vere til stades for at unntaksheimelen skal kunne nyttast. *Tilsynet* legg stor vekt på det grunnleggjande personvernprinsippet om at handsaming av personopplysningar skal vere frivillig, og der føremålet

med handsaminga er til gode for den registrerte. *Tilsynet* meiner at det òg må stillast vilkår om at handsaminga skal vere i samsvar med det den registrerte ynskjer.

5.8.4 Vurderingane til departementet

Departementet tilrår å vidareføre høyringsframlegget om at samtykke frå alle i husstanden skal vere hovudregelen ved handsaming av personopplysningar. Tildeling av bustøtte føreset at mottakaren har søkt om det. I over 70 prosent av sakene er det ikkje fleire enn éin person i husstanden. Her blir samtykke alltid grunnlaget for handsaminga av personopplysningar om søkjaren. Sidan opplysningar om alle i husstanden er avgjerande for utrekninga og tildelinga av bustøtte, kan manglande samtykke frå nokon av dei andre i husstanden seinke handsaminga og utbetalinga og i verste fall gjere at husstandar som elles har rett til støtte, ikkje får det. Departementet legg til grunn at det stort sett ikkje vil vere vanskeleg å hente inn samtykke frå alle i husstanden. Difor vil det sjeldan oppstå situasjonar der ein manglar samtykke.

Sjølv om personopplysningslova § 8 opnar for at Husbanken og kommunen på visse vilkår kan hente inn og handsame personopplysningar òg når samtykke manglar, vil dette ofte vere vanskelege avgjerder å ta. Det er ei betre løysing å ha ein avgrensa unntaksheimel i lova. Departementet er samd med *Datatilsynet* i at ein slik heimel bør innehalde vilkår for når unntaket kan nyttast, og at det må respekterast dersom nokon ikkje ønskjer å gje samtykke. For det første meiner departementet at unntaket berre må gjelde i dei sakene der det er uhøveleg vanskeleg å få tak i samtykke frå den det gjeld. Med det meiner departementet at det må vere praktiske årsaker til at det ikkje kan bli gjeve samtykke. Det kan til dømes vere om ein i husstanden ligg på sjukehus og difor ikkje er i stand til å gje samtykke. For det andre må det vere klart at den som opplysningane gjeld, ville ønskt at opplysningar om han eller ho skulle handsamast. Departementet meiner at det må leggjast ei streng vurdering til grunn for å kunne fråvike kravet om samtykke, og at det må gjerast ei konkret vurdering i kvar enkelt sak. Dersom vilkåra for å nytte unntaksheimelen ikkje er til stades, må saka avvisast på grunn av manglande opplysningar. Departementet gjer framlegg om ein slik unntaksheimel.

Departementet viser til § 8 andre leddet i lovframlegget.

5.9 Utlevering av personopplysningar

I medhald av husbanklova § 12 har departementet fullmakt til å fastsetje i forskrift eller gje samtykke i dei enkelte tilfella om at andre offentlege styresmakter kan få nytte opplysningar frå bustøtteregisteret. Denne føresegna presiserer at reglane om teieplikt i forvaltningslova elles skal gjelde. I *forskrift 15. august 1985 nr. 1681 om adgang til opplysninger fra bustøtteregistre og bustøttesøknader* er det fastsett kven som kan gjere seg kjend med opplysningane.

Departementet gjer framlegg om å vidareføre gjeldande rett. Det er behov for ein heimel i lova for å kunne gje opplysningar til ulike offentlege styresmakter, som til dømes Nav, likningskontor eller andre aktuelle kommunale instansar.

Opplysningar som ikkje skal nyttast i handsaminga av søknader, men til dømes i statistikk eller til forskning, blir ikkje omfatta av dei nye føresegnene. Slike føremål blir handsama etter krava i forvaltningslova § 13 a, b og d.

Ingen av høyringsinstansane har kome med merknader til framlegget.

Departementet viser til § 8 tredje leddet i lovframlegget.

5.10 Overføring av krav på bustøtte til kommunen (transport)

5.10.1 Gjeldande rett

Bustøtte blir hovudsakleg utbetalt direkte til søkeren. I visse høve kan ein kommune likevel tre inn i retten til bustøtte og få støtta utbetalt direkte til seg. Det blir kalla ”transport”.

Føresegnene om transport er heimla i husbanklova § 11 og gjev kommunane ein eksklusiv rett til å inngå avtale med søkerar om å overta krav på bustøtte på visse vilkår. Det blir kalla ”frivillig transport”. Ein kommune kan inngå ein slik avtale så fram kommunen har gjeve forskot til søkeren til dekking av buutgifter og forskotet er gjeve for same tidsrommet som det blir gjeve bustøtte for. Vidare kan ein inngå avtale der kommunen gjev forskot til renter og avdrag på lån til dekking av buutgifter.

Husbanklova opnar òg for at departementet kan gje samtykke til at ein kommune kan tre inn i retten til bustøtte sjølv om mottakaren ikkje har gjeve samtykke. Det blir kalla ”tvungen transport”. Tvungen transport blir gjeve på same vilkår som for frivillig transport. I tillegg skal det sær-

lege grunnar til for at departementet skal kunne gje slikt samtykke. Departementet har delegert til Husbanken å ta avgjerd i desse sakene.

5.10.2 Høyringsframlegget frå departementet

I høyringsutkastet blei det gjort framlegg om å vidareføre den eksklusive retten kommunane har til å inngå avtale med bustøttemottakarar om å få overført bustøtta til seg. Det blei føreslått å vidareføre vilkåra for slik transport.

Det blei vidare gjort framlegg om å oppheve retten til å ta tvungen transport.

5.10.3 Merknader frå høyringsinstansane

Høyringsinstansane har ikkje hatt innvendingar mot framlegget om å vidareføre ordninga med frivillig transport. *Bergen kommune* meiner at frivillig transport er ein føresetnad for eit vellukka, samordna bustadpolitisk arbeid. *Unge funksjonshemmede* meiner det må stillast klare krav som tryggjar at frivillig transport verkeleg er frivillig, slik at kommunane ikkje berre kan krevje det av openberre økonomiske grunnar. *Husbanken* og *Trondheim kommune* peiker på at kravet om eit informert, frivillig og uttrykkeleg samtykke kan føre til utfordringar for kommunar som i leigekontraktane sine avtalar transport ved misleghald av husleige.

Unge funksjonshemmede, *Drammen kommune*, *Norges Huseierforbund*, *Bergen kommune*, *Klepp kommune* og *Husbanken* støttar framlegget om å avvike tvungen transport. *Husbanken* meiner at det likevel må vurderast om avviklinga skal utsettast til kommunane kan tilby tilstrekkelege tenester til bebuarane når det gjeld forvaltning av eigen økonomi, og på det viset gjere mottakarane i stand til å klare seg sjølve. Både *Drammen kommune* og *Bergen kommune* peiker på at dei ikkje lenger nyttar tvungen transport. *Drammen kommune* meiner ei avvikling av tvungen transport ikkje kjem til å få nemneverdige følgjer så lenge førehandssamtykke kan brukast. *Bergen kommune* meiner at dersom det skulle oppstå ei problemstilling om tvungen transport, ville ho etter alt å dømme innehalde ei rekkje andre konfliktspørsmål, slik at ho må løysast på anna vis. *Trondheim kommune* meiner det er uheldig om tvungen transport blir avvika, sjølv om det er svært sjeldan det blir nytta. Iblant blir tvungen transport nytta når mottakaren ikkje betalar husleige, for å hindre at han eller ho blir kasta ut av bustaden.

5.10.4 Vurderingane til departementet

Den opphavlege grunnen til at transport blei innført i 1976, var at bustøtte då blei utbetalt to gonger i året. For å dekkje dei fortløpande bukostnadene måtte oftast kommunane gje forskot kvar månad. Avtalar om transport gjorde det mogleg for kommunane å forskotere bukostnadene for så å få dei dekte av staten i etterkant. Transport oppfylte det behovet brukarane hadde for likviditet, samstundes som det hindra at stat og kommune utan å ta omsyn til kvarandre dekte dei same bukostnadene.

I og med at bustøtte no blir utbetalt kvar månad, har ein vesentleg del av den opphavlege grunnen for transport falle bort. Samstundes blir ordninga brukt i monaleg omfang i dag, men med andre grunngevingar. Talet på transportavtalar låg i 2011 på om lag 10 000. Dei høyringsinstansane som har gjeve fråsegner, er positive til ordninga. *Bergen kommune* meiner frivillig transport er ein føresetnad for eit vellukka samordna bustadpolitisk arbeid. Departementet legg vekt på at ordninga har positiv verknad på arbeidet med å hjelpe dei vanskelegstilte på bustadmarknaden. Avtalane er i praksis ei viktig hjelp til dei som får bustøtte, og som har vanskar med å prioritere utgiftene sine. Dei er difor viktige i arbeidet med å hindre utkastning og førebyggje bustadløyse.

For å medverke til at bustøtte ikkje går til å dekkje andre utgifter enn buutgifter, rår departementet til å vidareføre vilkåret om at kommunen må ha løyvd forskot til buutgifter eller til avdrag og renter på bustadlån til bustøttemottakaren for å kunne gjere avtale om transport.

For å betre rettstryggleiken for søkjarane rår departementet til å setje krav om at samtykket skal vere informert, frivillig og uttrykkeleg. Kommunane skal ha plikt til å gje tilstrekkeleg informasjon slik at mottakarane skjønar kva transporten gjeld. På det viset får mottakarane oversyn over kva slags konsekvensar avtalen har, kor lenge avtalen gjeld, og kva som skal til for å seie opp avtalen. Samtykket skal vere frivillig. Det må ikkje kome i stand under tvang eller press. At samtykket skal vere uttrykkeleg, inneber at søkjararen må gjere noko aktivt for å gje samtykket sitt. Det er kommunen som må gjere det sannsynleg at samtykket er gjeve.

Så lenge alle føresetnadene i lova er oppfylte, skal ikkje regelen vere til hinder for at kommunane reint praktisk kan utforme og hente inn ei fråsegn om samtykke til transport på den måten dei ynskjer. Kommunen må likevel stå inne for at transportfråsegna er gyldig.

Departementet gjer framlegg om å avvikle ordninga med tvungen transport. Å ta ifrå nokon retten til å disponere over sin eigen økonomi på det viset er eit stort inngrep. Som *Bergen kommune* peiker på, må ein løyse slike saker på anna vis, sidan dei inneheld fleire konfliktspørsmål. Fråsegner frå høyringsinstansane syner òg at ordninga nesten ikkje blir nytta lenger. Tal frå Husbanken syner at det i 2011 ikkje var nokon slike saker, medan det i 2010 og 2009 var høvesvis ei og tre saker.

Departementet tilrår å vidareføre frivillig transport, men gjer framlegg om å avvikle tvungen transport. Departementet viser til § 9 i lovframlegget.

5.11 Rett til å krevje for mykje utbetalt bustøtte tilbake o.a.

5.11.1 Gjeldande rett

I medhald av forskrifta om bustøtte er hovudregelen ved utrekning av bustøtte at ein nyttar opplysningar om inntekta og formuen til søkjarane frå den sist tilgjengelege likninga. Det gjev i dei fleste høve tilfredsstillande presisjon samstundes som dei administrative kostnadene blir låge. Ulempa er at desse data speglar av inntekta frå eit halvt til halvanna år tilbake i tida. Inntekta kan anten ha auka eller blitt redusert sidan den gongen.

Ved auke i inntekta har dei som får bustøtte, plikt til å melde ifrå når den faktiske inntekta i den perioden det blir søkt bustøtte for, er høgare enn den øvre inntektsgrensa for å få bustøtte. Mottakaren blir underretta om denne grensa ved vedtak om bustøtte. Det er få som melder ifrå om ein slik auke i inntekta. Det er i dag ikkje faste rutinar for etterkontroll av dei likningsopplysningane som blir nytta. Husbanken krev etter skjøn bustøtta tilbakebetalt i tilfelle der det er openbert urimeleg at mottakaren har fått støtte.

Mottakaren pliktar òg å melde ifrå dersom det skjer andre endringar som han eller ho forstår eller burde forstå har innverknad på utrekninga av bustøtta. Ei slik generell opplysningsplikt følgjer av § 21 i forskrifta. Forutan opplysningar om inntekt og formue kan dette til dømes gjelde opplysningar som flytting, endringar i talet på medlemmer i husstanden eller endra buutgifter.

Paragraf 27 i forskrifta gjev Husbanken rett til å krevje at mottakaren betaler tilbake dersom han aktlaust har gjeve galne eller mangelfulle opplysningar. Det same gjeld dersom Husbanken eller kommunen har gjort eit mistak og mottakaren burde ha skjønna det.

5.11.2 Høyringsframlegget frå departementet

Dei likningsdata om inntekt og formue som etter hovudregelen blir nytta ved utrekning av bustøtte for den einskilde søkjaren, ligg noko tilbake i tid. Difor vik dei i dei fleste høve av frå den faktiske inntekta i den perioden det blir søkt om bustøtte for. Mindre avvik er uproblematisk, men store avvik må korrigerast. Departementet gjorde difor framlegg om å innføre ein heimel i § 10 i lova for å kunne kontrollere opplysningane om inntekta og formuen til husstandar som har fått bustøtte.

Ein kan gjennomføre etterkontroll ved å samanlikne dei likningsdata som blei nytta ved berekninga av bustøtte, med likningsdata som viser den faktiske inntekta i den perioden det blei utbetalt bustøtte for, når desse data blir tilgjengelege. Ein slik kontroll vil ha høg presisjon og låge administrative kostnader.

Dersom inntekta til husstanden i den perioden husstanden fekk bustøtte, har auka så mykje at inntekta overstig grenser som er fastsette av departementet i forskrift, skal den bustøtta som er utbetalt krevjast tilbake. Kravet om tilbakebetaling kan fremjast utan omsyn til kven som er skuld i at det er utbetalt for mykje.

Departementet gjorde vidare framlegg om å lovfeste gjeldande rett i § 27 i forskrifta om at Husbanken har rett til å krevje at mottakaren betaler tilbake dersom han eller ho visste eller burde visst at han eller ho ikkje har krav på støtte, eller dersom han eller ho aktlaust har gjeve galne eller mangelfulle opplysningar. Husbanken kan òg krevje tilbakebetaling dersom Husbanken eller kommunen har gjort eit mistak og mottakaren burde ha skjøna det.

5.11.3 Merknader frå høyringsinstansane

Bærum kommune, Drammen kommune, Unge funksjonshemmede, Integrerings- og mangfaldsdirktoratet, Husbanken og Nav støttar framlegget om at ein skal krevje tilbakebetaling av for mykje utbetalt bustøtte. Ingen av høyringsinstansane går imot framlegget.

Husleigetvistutvalet gjer framlegg om å styrkje det førebyggjande arbeidet slik at fleire av dei som ikkje har krav på bustøtte, får avslag når dei søker. Utvalet peikar på at søkjarar i dag ikkje treng stadfeste inntektsopplysningane når dei søker om bustøtte. Vidare gjer *Husleigetvistutvalet* framlegg om å nytte ei førebels utlissing av saker frå skattestyresmaktene tidleg på året, som syner vesentlege endringar i inntekta frå siste lik-

ning. Ei slik utlissing ville fange opp ein monaleg del av dei som burde hatt høgare bustøtte, og ville òg redusere talet på krav om tilbakebetaling.

5.11.4 Vurderingane til departementet

Det er viktig å sørge for at bustøtta fungerer som ei målretta og effektiv ordning for å sikre dei med låge inntekter og høge buutgifter ein høveleg bustad. Midlane til fellesskapet må forvaltast på ein måte som vekkjer tillit. Då er det viktig å sjå til at reglane blir følgde, og at bustøtte berre blir utbetalt til dei som har krav på det. Departementet kjem difor til å styrkje det førebyggjande arbeidet slik at så få som råd med ein vesentleg auke i inntekta får utbetalt bustøtte i første hand. Samstundes kan det vere gagnleg å innføre ein systematisk etterkontroll av inntekta. Ingen av høyringsinstansane går imot dette, og dei som uttalar seg, støttar framlegget. Departementet gjer difor framlegg om at det i paragraf 10 i lova blir teke inn ein heimel for å gjennomføre systematisk etterkontroll av dei opplysningane om inntekta som blei nytta ved utrekninga av bustøtte. Ved ein vesentleg auke i inntekta, må bustøtta betalast tilbake. Grensene for tilbakebetalinga blir fastsette i forskrifta.

Departementet gjer òg framlegg om å vidareføre høyringsframlegget som gjeld lovfesting av føresegna i § 27 i forskrifta om at Husbanken har rett til å krevje at mottakaren betaler tilbake støtta dersom han eller ho visste eller burde visst at han eller ho ikkje har krav på støtte. Det same gjeld dersom han eller ho aktlaust har gjeve galne eller mangelfulle opplysningar. Husbanken kan òg krevje tilbakebetaling dersom Husbanken eller kommunen har gjort eit mistak og mottakaren burde ha skjøna det.

Departementet viser til § 10 i lovframlegget.

5.12 Inndrivning av krav på tilbakebetaling av bustøtte o.a.

5.12.1 Gjeldande rett og praksis

I dag driv Husbanken sjølv inn sine krav på for mykje utbetalt bustøtte. Dersom skuldnaren framleis får bustøtte, motreknar Husbanken kravet på for mykje utbetalt bustøtte i kravet han har på bustøtte. Resten av krava driv Husbanken inn anten utanrettsleg eller gjennom rettsapparatet. Husbanken har i dag berre manuelle rutinar for oppfølging og innkrevjing, og dei er lite eigna for å handtere mange saker.

Husbandklova § 8 fastset at Husbandbanken kan ettergje krav på tilbakebetaling av bustøtte der det ikkje er mogleg å drive inn kravet.

5.12.2 Høyringsframlegget frå departementet

Departementet gjorde framlegg om at vedtak om krav på tilbakebetaling av bustøtte skal vere tvangsgrunnlag for utlegg. Det blei føreslått ein heimel for å overføre krav på tilbakebetaling av bustøtte til Statens innkrevjingssentral for innkrevjing. Heimelen gav òg Statens innkrevjingssentral særleg namsmakt til å gjere trekk i lønn og liknande ytingar og å stifte utleggspant for krav på tilbakebetaling av bustøtte. Vidare føreslo departementet å gje både Husbandbanken og Statens innkrevjingssentral makt til å delta i gjeldsordningar etter gjeldsordningslova og delta i utanrettslege gjeldsforhandlingar.

I saker der det ikkje er mogleg å drive inn kravet, gjorde departementet framlegg om at Husbandbanken og Statens innkrevjingssentral skal ha høve til å ettergje krav.

5.12.3 Merknader frå høyringsinstansane

Drammen kommune, Statens innkrevjingssentral og Husbandbanken stiller seg positive til framlegget. *Statens innkrevjingssentral* ser det som ynskeleg å få full kreditorposisjon, det vil seie å kunne ta hand om både den utanrettslege innkrevjinga og tvangsinnkrevjinga.

Statens innkrevjingssentral meiner òg at det er naudsynt å ta inn ei føresegn om at ei avgjerd om å ettergje krav på tilbakebetaling skal kunne påklagast. *Husbandbanken* og *Statens innkrevjingssentral* meiner at det vil vere behov for å ettergje krav der det er sterke sosiale grunnar til å ikkje forfølge kravet, eller der grunnen er dårleg helse.

5.12.4 Vurderingane til departementet

Med nye reglar om etterkontroll av inntekt kjem talet på krav på tilbakebetaling av bustøtte truleg til å auke monaleg. Husbandbanken har i dag ikkje noko opplegg for å ta hand om det auka talet på saker. Det vil vere tid- og ressurskrevjande å etablere rutinar og administrere ei slik tilbakesøking. Departementet tilrår å vidareføre høyringsframlegget om å overføre til Statens innkrevjingssentral oppgåva med å drive inn krav på tilbakebetaling av bustøtte. Departementet viser til at Statens innkrevjingssentral driv med innkrevjing for fleire statlege oppdragsgjevarar og har eit effektivt

apparat for dette. Statens innkrevjingssentral kan drive inn krava på eit langt meir effektivt og rasjonelt vis enn Husbandbanken. Statens innkrevjingssentral kan truleg medverke til at ein langt større del av dei totale krava om tilbakebetaling kan bli drivne inn. Departementet tilrår å gje Statens innkrevjingssentral makt til å gjennomføre både utanrettsleg innkrevjing og tvangsinnndriving. Det blir lagt til rette for at Statens innkrevjingssentral skal ha full kreditorposisjon.

Dei nærare oppgåvene som Statens innkrevjingssentral skal ta hand om, kjem til å bli regulerte i ein avtale mellom Husbandbanken og Statens innkrevjingssentral.

Departementet føreslår å vidareføre høyringsframlegget om at vedtak om tilbakebetaling av bustøtte skal vere tvangsgrunnlag. Det blir òg føreslått å vidareføre framlegget i høyringsnotatet om ein heimel for å gje Statens innkrevjingssentral høve til å stifte utleggspant og etablere utleggstrekk.

Bustøttemottakarar som har eit ubetalt krav på bustøtte kan hamne i ei gjeldsordning. Departementet tilrår difor at Husbandbanken og Statens innkrevjingssentral kan delta i gjeldsordningar, både ordningar etter gjeldsordningslova og utanrettslege gjeldsordningar. Dei skal òg ha høve til å ettergje krav som det ikkje lét seg gjere å drive inn.

Departementet er samd med Husbandbanken og Statens innkrevjingssentral i at det kan vere behov for å ettergje krav ut frå eit rimeleg skjøn. Det gjeld til dømes når skuldnaren dør, ved alvorleg sjukdom eller når han eller ho av liknande grunnar er ute av stand til å innfri kravet. I slike situasjonar vil det verke urimeleg tyngjande å halde fram med innkrevjinga. Departementet tilrår at det skal vere høve til å ettergje krav sjølv om dette ikkje gjev betre dekning enn vidare inndriving.

Departementet tilrår at det ikkje skal vere høve til å klage på vedtak om ettergjeving av krav på tilbakebetaling av bustøtte. I og med at ettergjeving er grunngeve ut frå interessene til Husbandbanken sjølv, går det i liten grad ut over rettstryggleiken til skuldnaren at det ikkje er høve til å klage på slike avgjerdar. Ettergjeving ut frå eit rimeleg skjøn er ikkje meint som ein rett skuldnaren skal ha, men er berre eit tryggingstiltak for ekstraordinære tilfelle. Det ligg difor ikkje føre sterke omsyn til rettstryggleiken, som tilseier at det skal vere høve til å klage i slike tilfelle.

Departementet viser til § 11 og § 12 i lovframlegget.

5.13 Klageordning

5.13.1 Gjeldande rett og praksis

Eit vedtak om bustøtte er eit enkeltvedtak som søkjaren kan klage på etter forvaltningslova § 28. Opphavleg blei klagen handsama av departementet som næraste overordna forvaltningsorgan i medhald av hovudregelen i forvaltningslova. Då det etter kvart kom inn fleire klager enn det departementet hadde kapasitet til å handsame, blei det fastsett ei forskrift om at klagen ikkje lenger skulle handsamast av departementet, men av Husbanken ved ei fornya handsaming. Departementet viser her til *forskrift av 22. februar 1974 nr. 3822 om unntak fra forvaltningslovens klagerregler i saker om bustøtte*.

Kvar månad blir det gjort vedtak om bustøtte. Vedtaket blir sendt til søkjaren første gongen det blir gjort, og seinare når det blir gjort endringar som verker inn på utrekninga av bustøtta. Elles blir bustøtte utbetalt som ei fortløpande yting kvar månad. Klager frå mottakaren blir sende til kommunen, som førebur klaga før ho går vidare til Husbanken. Kvart regionkontor i Husbanken avgjer klager innanfor sitt ansvarsområde.

Talet på vedtak om bustøtte har auka monaleg dei siste åra, frå 368 000 i 2006 til 1 562 000 i 2011. Det same har talet på klager gjort, frå 6 900 i 2006 til 12 900 i 2011. Dette er hovudsakleg ei følgje av at det i 2007 blei innført månadlege vedtak om bustøtte mot tidlegare tre vedtak i året. I tillegg har talet på mottakarar auka etter at bustøtta blei utvida i 2009. Vidare blir det høve til å klage på dei vedtaka Husbanken kjem til å gjere om at tilbakebetaling av bustøtte skal vere tvangsgrunnlag for utlegg, jf. § 11 i framlegget til lov.

Det finst i dag ei klagenemnd som handsamar klager på vedtak om lån og tilskot frå Husbanken. Nemnda har ikkje avgjerdsrett i klager på bustøtte.

5.13.2 Høyringsframlegget frå departementet

Departementet gjorde framlegg om å oppheve ordninga med at Husbanken kan avgjere klager på vedtak om bustøtte ved ei ny handsaming. I staden blei det foreslått å gje departementet heimel til å kunne fastsetje forskrift om ei særskild klagenemnd for enkeltvedtak for bustøtte.

5.13.3 Merknader frå høyringsinstansane

Norges Huseierforbund, Unge funksjonshemmede, Integrerings- og mangfaldsdirektoratet, Husleigetvistutvalet, Bergen kommune, Klepp kommune og

Husbanken støttar framlegget. Husleigetvistutvalet meiner framlegget inneber ei monaleg betring, og Husbanken meiner det er viktig at rettstryggleiken kjem til å bli betre med ei uavhengig nemnd. Husbanken og Klepp kommune peiker på at ei særskild klagenemnd ikkje må seinke handsaminga av klagesaker.

5.13.4 Vurderingane til departementet

Det følgjer av forvaltningslova § 28 at forskrifter som avgrensar klageretten, berre kan gjevast når "tungtvegande grunnar" talar for det. Regelen om unntak er snever, og det blir følgt ein streng praksis ved vurderinga. At klagen i bustøttesaker ikkje får prøvd saka si av eit nytt organ, men ved ei ny prøving i Husbanken, er noko som i seg sjølv avgrensar klageretten. Det bør vere større distanse til det organet som skal handsame klagen, enn det er i dag. Det kan elles bli tvil om omsynet til objektivitet og habilitet blir teke godt nok vare på. Det kan vere med på å svekkje tilliten til Husbanken i desse sakene.

I juridisk teori er det lagt vekt på at omsynet til rettstryggleiken kan vere særskild viktig for avgjerder som skal dekkje grunnleggjande behov, til dømes avgjerder om tildeling av økonomisk stønad. Bustøtte er ei slik ordning, som skal hjelpe husstandar med låge inntekter til å greie buutgiftene slik at dei skal kunne klare å halde på den bustaden dei har. Departementet meiner difor at det ikkje er tungtvegande grunnar til å halde fram med den gjeldande ordninga, og foreslår å oppheve forskrifta.

Det er likevel ikkje føremålstenleg å gå tilbake til hovudregelen i forvaltningslova om at departementet, som overordna forvaltningsorgan, skal vere klageinstans. Det ville vere lite tilrådeleg ut frå omsynet til effektiviteten. Ei så stor mengd med klagesaker ville få vesentlege administrative konsekvensar for departementet. Dessutan skjer det ei klar forvaltningspolitisk utvikling mot å reindyrke oppgåvene til departementa som sekretariat for den politiske leiinga. I dei seinare åra har det òg i aukande grad skjedd ei dreining mot at klager blir handsama av særskilde klagenemnder. Departementet meiner dette er grunnar som er tungtvegande nok til å fråvike hovudregelen i forvaltningslova.

Departementet meiner alt dette talar for å leggje klagen til ei uavhengig klagenemnd. Det vil skape større avstand mellom den instansen som gjer vedtak om bustøtte, og den som handsamar klagen. Dei som klagar, får då i større grad ei reell overprøving av den enkelte saka. Nemnda vil

stå fram som meir nøytral og objektiv og såleis gje større tillit og legitimitet. Med ei nemnd for heile landet tek ein òg godt vare på omsynet til lik hand-saming og ein einsarta praksis.

Det finst allereie ei klagenemnd for vedtak om lån og tilskot frå Husbanken. Talet på klagesaker har gått kraftig ned dei siste åra, noko som kjem av at etablerings- og kjøpslåna blei avvikla og erstatta med startlån. Det er kommunane som til-deler startlån, og dei har sine egne klageordnin-gar. Departementet meiner det kan vere føremåls-tenleg å kunne leggje klager på bustøtte til denne klagenemnda. Nemnda får då eit rimeleg omfang av saker, samstundes med at det blir ei felles nemnd for alle dei økonomiske verkemidla som Husbanken forvaltar, det vil seie både for lån, til-skot og bustøtte.

Sjølv om det i forvaltningslova § 28 er ein hei-mel for å fastsetje klagereglar som utfyller eller avvik frå reglane i lova, meiner departementet at den beste løysinga er at unntaket kjem fram i sær-lova om bustøtte, slik det òg gjer i lov om Husban-ken når det gjeld klager på lån og tilskot. Departementet føreslår ein heimel for å fastsetje forskrift for ei særskild klagenemnd.

Departementet viser til § 13 i lovframlegget.

6 Økonomiske og administrative konsekvensar

Framlegget i § 13 i lova som gjev heimel for å opp-rette ei klagenemnd, vil føre til ein auke i dei administrative kostnadene på inntil 1 000 000 kro-ner i året. Departementet tilrår at kostnadene blir dekte innanfor det ordinære administrasjonsbud-sjettet til Husbanken.

Når det gjeld føresegnar om etterkontroll av inntekta og formuen til mottakarane, jf. § 10 i lova, kjem departementet tilbake til dei økonomiske konsekvensane av å innføre etterkontroll i fram-legget til statsbudsjett for 2013.

Kostnadene til Statens innkrevjingsssentral i samband med innkrevjing av krav på tilbakebeta-ling av bustøtte i § 11 skal dekkjast av Husbanken etter avtale. Korleis kostnadene blir dekte vil gå fram av avtale som vil bli inngått mellom Husban-ken og Statens innkrevjingsssentral.

Framlegget kjem elles ikkje til å ha økono-miske og administrative konsekvensar.

7 Merknader til dei enkelte paragrafane i lov om bustøtte

Kapittelet inneheld merknader til dei enkelte para-grafane i lovframlegget. Det blir gjort nærare greie for detaljane i føresegnene og for korleis dei skal forståast.

Bustøtte er ei yting som søkjarar har rett til så framt vilkåra i og i medhald av lova er oppfylte.

Til § 1 Føremål

Paragrafen er ei vidareføring av gjeldande rett og gjev føremålet med bustøtta. Bustøtta skal sikre dei som har låge inntekter og høge buutgifter ein høveleg bustad. Føresegna gjev ikkje eit sjølvsten-dig rettsleg innhald, men byggjer opp under dei kriteria for tildeling som er fastsette i lova og i for-skrifta om bustøtte. For at bustaden skal vere ein høveleg bustad, må krava i § 5 vere oppfylte. Gren-sene for inntekt og buutgifter er regulerte i for-skrifta om bustøtte.

Til § 2 Verkeområde

Paragrafen er ei vidareføring av gjeldande rett, og avgrensar verkeområdet for lova. Det er eit vilkår for rett til bustøtte at søkjaren er registrert i folke-registeret og lovleg busett i Noreg. Begge vilkåra må vere innfridde slik at ein hindrar at til dømes personar som oppheld seg ulovleg i landet skal kunne få bustøtte. Søkjaren må ha fast opphalds-stad og sjølv bu i bustaden.

Lova gjeld ikkje på Svalbard, jf. grunngrjevinga i kapittel 5.2.

Til § 3 Vilkår for rett til bustøtte

Paragrafen er ei vidareføring av gjeldande rett og regulerer dei vilkåra søkjaren må fylle for å få rett til bustøtte. Med dei unntaka som er fastsette i § 4, har alle over 18 år rett til å få bustøtte. Òg per-sonar under 18 år kan få bustøtte dersom dei har eigne barn. Det er vidare eit krav om at søkjaren sjølv faktisk bur i den bustaden det er søkt om bustøtte for, og at han eller ho er ansvarleg for buutgiftene. Kva som blir godkjent som buutgif-ter, er fastsett i forskrifta § 7. Søkjarar kan berre få bustøtte for den faste bustaden sin.

Til § 4 Unntak for visse personar

Paragrafen er ei vidareføring av gjeldande rett og fastset unntak frå regelen i § 3. *Første leddet* gjer unntak for dei som avtener førstegongsteneste i

Forsvaret eller sivilteneste. Dei har rett til å få dekte buutgifter frå eigne ordningar i Forsvaret. Unntaket gjeld òg personar som bur saman med ein som er i førstegongsteneste eller sivilteneste, jf. tredje leddet.

Andre leddet fastset at studentar ikkje har rett til bustøtte. Det gjeld likevel ikkje studentar som har eigne barn som bur i bustaden, eller som studerer som eit ledd i eit offentleg program for arbeidskvalifisering. Det siste kan vere studentar som deltek i eit yrkesretta attføringsopplegg gjennom Nav, eit kvalifiseringsopplegg, eit introduksjonsprogram o.a. Dei har rett til bustøtte. Som studentar reknar ein alle som har rett til ytingar frå Statens lånekasse for utdanning.

Tredje leddet fastset at heller ikkje personar som bur saman med ein student eller ein som avtener førstegongsteneste, har rett til bustøtte. Foreldre som bur saman med eigne barn som er studentar, har likevel rett til bustøtte.

Fjerde leddet gjer unntak for bebuarar på institusjonar der det kan bli kravd vederlag for opphaldet på grunnlag av inntekta. Dette gjeld institusjonar som er etablerte etter lov 24. juni 2011 nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. og lov 18. desember 2009 nr. 131 om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen eller etter forskrift som er gjeven i medhald av ei av desse lovene.

Til § 5 Krav til bustaden

Paragrafen er ei vidareføring av gjeldande rett og fastset krav til bustaden som må oppfyllest for at ein skal få rett til bustøtte. Krava er kumulative.

Første leddet punkt a fastset at bustaden skal vere godkjend som bustad. Det vil seie at han skal vere godkjend av plan- og bygningsstyresmakterne. Bustaden skal vere den faste bustaden til søkjaren, der han eller ho er registrert i folkeregisteret. Det blir ikkje gjevne bustøtte for fritidseigedommar.

Første leddet punkt b set krav om at det skal vere ein sjølvstendig bustad med eigen inngang. Bustaden skal såleis vere skild frå andre bustader og kan ikkje ha inngang gjennom ein annan bustad.

Første leddet punkt c set krav om at bustaden skal ha eige bad og toalett og gje høve til kvile og matlaging. Det er ikkje krav om at det skal vere eit eige rom til verken kvile eller matlaging. Krava i punkt b og c gjer at hyblar fell utanfor.

Andre leddet gjev unntak frå krava i første leddet punkt b og c for utleigebustader der kommunen har gjort vedtak om tildeling til helse- og sosi-

alføremål. Det er sett som vilkår at bustadene skal vere organiserte som bufellesskap eller liknande. Kommunalt disponerte sosiale bustader kan vere bustader som kommunen sjølv eig og leiger ut, eller det kan vere bustader som kommunen leiger for å framleige. Det kan òg omfatte bustader som kommunen har rett til å disponere, til dømes når ei stifting eig bustadene, medan kommunen har rett til å stå for tildelinga. Alt dette gjeld berre bustader som skal brukast til helse- og sosialføremål. Personalbustader som kommunen leiger ut, fell utanfor.

Krava i § 5 gjer at dei som bur i mellombelse buformer som hospits, pensjonat, hotell o.a., fell utanfor ordninga.

Til § 6 Utrekning av bustøtte

Paragrafen er ei vidareføring av gjeldande rett og gjev føresegnar om dei overordna prinsippa for utrekning av bustøtte. Bustøtte er ei yting søkjaren har rett til dersom vilkåra i lova og forskrifta er oppfylte. Når krava til personen og bustaden er oppfylte, er det forholdet mellom buutgiftene og inntektene som avgjer kor mykje bustøtte søkjaren får. Utbetalt bustøtte skal svare til ein fastsett prosent av differansen mellom godkjende buutgifter og ein eigendel. Eigendelen blir fastsett ut ifrå inntekta og formuen til husstanden og talet på medlemmer i husstanden.

Paragrafen gjev vidare ein heimel for departementet til å fastsetje forskrifter om satsar og om utrekning og utbetaling av bustøtte. Slike reglar er gjevne i gjeldande forskrift om bustøtte.

Til § 7 Finansiering og organisering

Paragrafen er ei vidareføring av gjeldande rett.

Første leddet fastset at staten skal dekkje utgiftene til bustøtte. Midlane blir løyvde over statsbudsjettet.

Andre leddet fastset at det er Husbanken og kommunane som administrerer bustøtteordninga. Husbanken har det overordna ansvaret og står for drifta av ordninga. Det er i forskrifta om bustøtte § 22 fastsett kva kommunane skal medverke til. I hovudsak har kommunane kontakten med den enkelte søkjaren og sakshandsamar søknaden, medan det er Husbanken som gjer vedtak om bustøtte. Kommunen dekkjer sjølv sine eigne utgifter til administrering av ordninga.

Tredje leddet gjev departementet fullmakt til å fastsetje forskrifter om administrering og handsaming av bustøtte.

Til § 8 Handsaming av personopplysningar

Paragrafen gjev heimel for å kunne hente inn, handsame og utlevere personopplysningar om den som søkjer om bustøtte, og dei andre personane i husstanden.

Første leddet er ei vidareføring av § 10 i husbanklova og § 23 i forskrift om bustøtte. Det gjev Husbanken heimel for å påleggje andre å gje opplysningar som har verknad for rettar og plikter etter lova eller forskrifta. Det gjeld offentlege styresmakter, långjevarar, utleigarar, burettslag og eigarseksjonssameige. Dette vil vere opplysningar om til dømes inntekt, formue, lån, buutgifter osv. som er naudsynte for å kunne avgjere ein søknad om bustøtte. Opplysningane skal kunne hentast inn utan hinder av teieplikt.

Opplysningar som ikkje skal nyttast i handsaminga av søknader, men berre i statistikk, blir ikkje omfatta av dei nye føresegnene. Slike opplysningar må handterast etter krava i forvaltningslova § 13 a, b og d.

Andre leddet er nytt og fastset føresegner for innhenting og handsaming av personopplysningar. *Første punktumet* lovfestar grunnprinsippet om at opplysningar ikkje skal hentast inn og nyttast utan samtykke frå den som opplysningane gjeld. Dette gjeld både for søkjaren og dei andre i husstanden. *Andre punktumet* gjev unntak frå denne hovudregelen. Unntaket kan berre nyttast dersom det er uhøveleg vanskeleg å få samtykke. Det må vere praktiske grunnar til at det er uhøveleg vanskeleg å få samtykke, som til dømes at ein person ligg på sjukehus og ikkje er i stand til å gje samtykke.

Vidare er det ein føresetnad at det må vere klart at den det gjeld, ville ynskt å gje opplysningane. Føresegna inneber at dersom nokon motset seg å gje samtykke, skal søknaden avisast. Utan naudsynte opplysningar kan ikkje Husbanken ta realitetsavgjerd i saka. Føresetnadene for å gjere unntak frå hovudregelen om samtykke må vurderast i kvart enkelt tilfelle. Departementet legg til grunn ei streng tolking av unntaket. Det skal såleis sjeldan vere behov for å nytte retten til å bruke unntaket.

Tredje leddet er ei vidareføring av gjeldande rett og fastset at departementet kan gje forskrift om eller i enkelttilfelle samtykke i at opplysningane i bustøtteregisteret kan bli brukte av andre offentlege styresmakter når allmenne interesser tilseier det. Det kan til dømes vere Nav, likningskontor eller aktuelle kommunale instansar som treng opplysningar i sakshandsaminga. Det kan òg vere aktuelt når ein skal utføre revisjon eller ei

anna form for kontroll av verksemda til Husbanken og kommunane.

Til § 9 Overføring av krav på bustøtte

Paragrafen fastset at krav på bustøtte kan overførast til ei kommunal styresmakt (transport). Transport føreset samtykke frå bustøttemottakaren. Kommunen er ansvarleg for at det ligg føre eit slikt samtykke.

Første punktumet er ei vidareføring av gjeldande rett. Krav på bustøtte som ikkje har forfalle til betaling, kan overførast til kommunen på visse vilkår. For det første må kommunen ha gjeve forskot til dekking av buutgifter eller til avdrag og renter på bustadlån for det same tidsrommet. At kravet ikkje skal ha forfalle, inneber at den kommunale ytinga må vere knytt til den same terminen eller månaden som det er ytt bustøtte for. Ho må òg vere gjeven for det same tidsrommet som den aktuelle terminen eller månaden. Når dei kommunale ytingane fell bort, gjeld ikkje erklæringa om transport lenger.

For det andre må søkjaren på førehand ha gjeve samtykke til transport. *Andre punktumet* er nytt og fastset at samtykket må vere frivillig, uttrykkeleg og informert. Det skal vere frivillig for den som får bustøtte, å gje samtykke. Bustøttemottakaren skal ikkje utsetjast for tvang eller press til å gje samtykke. At samtykket skal vere informert, inneber at søkjaren forstår kva samtykket gjeld, og kva for verknader det får, og at det kan trekkjast tilbake. Kommunen har plikt til å gje tilstrekkeleg informasjon. At samtykket skal vere uttrykkeleg, inneber at søkjaren må gjere noko aktivt for å gje samtykket sitt. Det må gå tydeleg fram at han eller ho samtykkjer, kva samtykket gjeld, og at det er gjeve til kommunen. Det er kommunen som er ansvarleg for å godtgjere at samtykket oppfyller krava i lova.

Til § 10 Rett til å krevje for mykje utbetalt bustøtte tilbake

Paragrafen inneheld føresegner om den retten Husbanken har til å krevje tilbake for mykje utbetalt bustøtte. Første leddet punkt a, b og c er ei vidareføring og lovfesting av gjeldande rett i forskrift om bustøtte § 27. Punkt d gjeld tilbakebetaling ved etterkontroll av inntekt/formue og er nytt.

Første leddet punkt a fastset at Husbanken kan krevje bustøtte tilbake dersom mottakaren visste eller burde ha visst at han eller ho ikkje hadde krav på støtta.

Første leddet punkt b seier at bustøtte kan krevjast tilbake når mottakaren eller nokon som har handla på vegner av mottakaren, aktaust har gjeve opplysningar som anten er galne eller mangelfulle.

Første leddet punkt c gjeld òg når Husbanken eller kommunen har gjort eit mistak og mottakaren burde ha skjont det.

Første leddet punkt d er nytt og gjev Husbanken rett til å få tilbakebetalt bustøtte når etterkontroll syner at inntekta/formuen overstig grenser som departementet har fastsett i forskrifta om bustøtte. Regelen er objektiv og gjeld utan omsyn til kven som er skuld i at det er utbetalt for mykje.

Andre leddet gjev departementet fullmakt til å gje forskrifter om tilbakebetaling av for mykje utbetalt bustøtte.

Til § 11 Tvangsgrunnlag og særleg namsstyresmakt

Paragrafen er ny.

Første leddet fastset at vedtak om krav på tilbakebetaling av bustøtte er tvangsgrunnlag for utlegg. Husbanken kan drive inn kravet sjølv eller overføre det til Statens innkrevjingssentral som namsstyresmakt. Statens innkrevjingssentral skal kunne gjennomføre både utanrettsleg innkrevjing og tvangsinnkrevjing. Kva slags fullmakt Statens innkrevjingssentral skal ha i den utanrettslege innkrevjinga, blir regulert i ein avtale mellom Husbanken og Statens innkrevjingssentral.

Andre leddet gjev Statens innkrevjingssentral makt til å drive kravet inn ved trekk i løn og andre liknande ytingar, og stifte utleggspant for kravet.

Til § 12 Gjeldstinging og ettergjeving av krav

Paragrafen er ei vidareføring av gjeldande rett, jf. husbanklova § 8 og § 9. *Første leddet* fastset at Husbanken kan delta i gjeldstingingar etter gjeldsordningslova og i utanrettslege gjeldstingingar. Den retten blir i framlegget òg gjeve til Statens innkrevjingssentral. Etter *andre leddet* kan Husbanken og Statens innkrevjingssentral ettergje krav på tilbakebetaling av bustøtte, renter og kostnader dersom det ikkje lèt seg gjere å drive inn kravet.

Tredje leddet er nytt og gjev Husbanken og Statens innkrevjingssentral rett til å innfri krav ut frå

eit rimeleg skjøn dersom skuldnaren døyr, har ein særleg alvorleg sjukdom eller liknande og er ute av stand til å innfri kravet. Føresegna gjev rett til å setje ned kravet sjølv om det ikkje gjev betre dekning enn vidare inndrivning.

Fjerde leddet fastset at vedtak som er gjorde i medhald av paragrafen, ikkje skal kunne påklage, jf. grunngjevinga i punkt 5.12.4.

Til § 13 Klage på vedtak om bustøtte

Føresegna er ny og gjev departementet heimel for å gje forskrift om ei særskild klagenemnd for bustøtte. Føresegna inneber eit unntak frå forvaltningslova § 28 om at det er departementet, som næraste overordna forvaltningsorgan, som skal handssame klager på dei vedtaka Husbanken gjer. På alle andre punkt skal kapittel VI i forvaltningslova om klage og omgjerung gjelde. Ordninga skal gjelde for dei enkeltvedtaka Husbanken gjer i medhald av lov om bustøtte, med unntak av vedtak som blir gjorde i medhald av § 12. Søkjarane kjem til å ha rett til å klage på vedtak om tildeling, utmåling, avvising og avslag på bustøtte. I tillegg skal ein kunne klage på vedtak om krav på tilbakebetaling av bustøtte, jf. § 11.

Til § 14 Ikraftsetjing og overgangsreglar

Lova tek til å gjelde frå den dato Kongen fastset.

Departementet kan gje forskrift om overgangsordningar for mottakarar som fekk bustøtte i juni 2009. Slike overgangsordningar er allereie fastsette i forskrift om bustøtte § 29.

Frå denne lova tek til å gjelde, skal § 10 til og med § 12 i husbanklova opphevast. Dette gjeld føresegner om bustøtte, som no blir regulerte i lov om bustøtte. Det fører til at § 13 i husbanklova blir til ny § 10. Vidare blir det gjort endringar i § 1 andre leddet og § 9 i husbanklova.

Kommunal- og regionaldepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om bustøtte (bustøttelova).

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om lov om bustøtte (bustøttelova) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag til lov om bustøtte (bustøttelova)

§ 1 *Føremål*

Føremålet med den statlege bustøtta er å sikre personar med låge inntekter og høge buutgifter ein høveleg bustad.

§ 2 *Verkeområde*

Lova gjeld for personar som er registrerte i folkeregisteret og lovleg busette i Noreg.

§ 3 *Vilkår for rett til bustøtte*

Rett til bustøtte har søkjarar som

- er over 18 år eller har eigne barn som bur i bustaden,
- svarar for buutgifter i ein bustad som fyller vilkåra i § 5, og
- sjølve bur i bustaden.

§ 4 *Unntak for visse personar*

Dei som gjer førstegongsteneste i Forsvaret eller sivilteneste har ikkje rett til bustøtte.

Studentar som ikkje har barn i husstanden, har ikkje rett til bustøtte. Som studentar blir rekna alle som har rett til ytingar frå Statens lånekasse for utdanning. Dei som studerer innanfor eit offentleg program for arbeidskvalifisering, har likevel rett til bustøtte.

Dei som bur saman med ein person som ikkje har rett til bustøtte etter første og andre ledd, har ikkje rett til bustøtte. Foreldre som bur saman med eigne barn som er studentar, har likevel rett til bustøtte.

Bebuarar i ein institusjon der det kan bli kravd vederlag for opphaldet på grunnlag av inntekt, har ikkje rett til bustøtte.

§ 5 *Krav til bustaden*

Vilkår for å få rett til bustøtte er at bustaden

- er godkjend som bustad,

- er ein sjølvstendig bustad med eigen inn- gang, og

- har eige bad og toalett og gjev høve til kvile og matlaging.

Om ein kommune har vedteke tildeling av utleigebustader til helse- og sosialføremål, kan det gjerast unntak frå krava i bokstav b og c dersom bustadene er organiserte som bufellesskap eller liknande.

§ 6 *Utrekning av bustøtte*

Den bustøtta som skal betalast ut, blir utrekna som ein fastsett prosent av differansen mellom godkjende buutgifter og ein eigendel. Eigendelen blir fastsett ut frå inntekta og formuen til husstanden.

Departementet kan i forskrift gje reglar om satsar og om utrekning og utbetaling av bustøtte.

§ 7 *Finansiering og organisering*

Staten dekkjer utgiftene til bustøtte.

Husbanken og kommunane administrerer bustøtteordninga. Kommunane dekkjer sine eigne utgifter til administrasjon.

Departementet kan i forskrift gje reglar om administrasjon og handsaming av bustøtte.

§ 8 *Handsaming av personopplysningar*

Husbanken kan utan hinder av teieplikt påleggje offentlege styresmakter, långjevarar, utleigarar, burettslag og eigarseksjonssameige å gje opplysningar som har verknad for rettar eller plikter som følgjer av denne lova eller av forskrifter gjevne med heimel i lova.

Husbanken og kommunane skal ikkje hente inn og nytte slike opplysningar i sakshandsaminga utan samtykke frå den det gjeld. Det gjeld ikkje dersom det er uhøveleg vanskeleg å hente

inn samtykke, og det er klart at den personopplysningane gjeld, ville ønskt slik handsaming.

Når allmenne interesser tilseier det, kan departementet med forskrift eller i enkelttilfelle samtykkje i at opplysningane i bustøtteregistret kan bli brukte av andre offentlege styresmakter.

§ 9 *Overføring av krav på bustøtte*

Uforfalne krav på bustøtte kan overførast til kommunar som gjev forskot til dekking av buutgifter eller avdrag og renter på bustadlån for det same tidsrommet. Bustøttemottakaren må på førehand skriftleg ha gjeve eit frivillig, uttrykkelig og informert samtykke om at kravet kan overførast.

§ 10 *Rett til å krevje for mykje utbetalt bustøtte tilbake*

Husbanken kan krevje bustøtta tilbake dersom

- a) mottakaren visste eller burde ha visst at han eller ho ikkje har hatt krav på støtte,
- b) mottakaren eller nokon som har handla på vegner av mottakaren, aktlaust har gjeve galne eller mangelfulle opplysningar,
- c) Husbanken eller kommunen har gjort eit mistak og mottakaren burde ha skjøna det, eller
- d) etterkontroll syner at husstanden i perioden det er motteke bustøtte for, har hatt inntekt og/eller formue som overstig grenser gjevne av departementet i forskrift. Det gjeld utan omsyn til kven som er skuld i at det er utbetalt for mykje.

Departementet kan i forskrift gje reglar om tilbakebetaling av bustøtte.

§ 11 *Tvangsgrunnlag og særleg namsstyresmakt*

Vedtak om krav på tilbakebetaling av bustøtte er tvangsgrunnlag for utlegg. Kravet kan drivast inn av Husbanken eller overførast til Statens innkrevjingssentral som særleg namsstyresmakt.

Statens innkrevjingssentral kan drive kravet inn ved trekk i løn og andre liknande ytingar etter dekningsloven § 2-7. Statens innkrevjingssentral kan òg drive inn kravet ved å stifte utleggspant for kravet dersom panteretten kan gjevast rettsvern ved registrering i eit register eller ved melding til ein tredjeperson, jf. pantelo-

ven kapittel 5, og utleggsforretninga kan haldast på kontoret til Statens innkrevjingssentral etter tvangsfullbyrdelsesloven § 7-9 første ledd.

§ 12 *Gjeldstinging og ettergjeving av krav*

Krav på tilbakebetaling av bustøtte kan gjerast til ein del av gjeldstingingar etter gjeldsordningslova og til ein del av utanrettslege gjeldstingingar.

Husbanken og Statens innkrevjingssentral kan ettergje krav på tilbakebetaling av bustøtte, renter og kostnader dersom det ikkje lèt seg gjere å drive kravet inn.

Dersom skuldnaren ikkje kan innfri kravet på grunn av dødsfall, særleg alvorleg sjukdom eller liknande, kan kravet setjast ned sjølv om det ikkje gjev betre dekning enn vidare innkrevjing.

Enkeltvedtak etter denne paragrafen kan ikkje påklagast.

§ 13 *Klage på vedtak om bustøtte*

Departementet kan i forskrift gje reglar om særskild klagenemnd for enkeltvedtak etter denne lova.

§ 14 *Ikraftsetjing og overgangsreglar*

Lova gjeld frå den tida Kongen fastset.

Departementet kan gje forskrift om overgangsordningar for mottakarar som fekk bustøtte i same bustad i juni 2009.

§ 15 *Endringar i andre lover*

Frå denne lova tek til å gjelde, skal lov 29. mai 2009 nr. 30 om Husbanken endrast slik:

§ 1 andre ledd skal lyde:

Husbanken skal forvalta *bustøtte* og låne- og tilskotsordningar og medverka til å utvikla og formidla kunnskap om mål, metodar og resultat innanfor sitt saksområde.

§ 9 skal lyde:

§ 9 *Ettergjeving av krav*

Husbanken kan ettergje krav om å betala tilbake lån eller *tilskot dersom* det ikkje lèt seg gjere å driva inn kravet.

§§ 10, 11 og 12 blir oppheva. Noverande § 13 blir ny § 10.



Tykk: AS O. Fredt Arnesen. Mats 2012

241491